

Handlingsplan 2026 Omstillingsprogrammet i Sykkylven kommune

Handsama av styret i omstillingsprogrammet Sykkylven: 10.2.2026

Vedteken av kommunestyret i Sykkylven 23.2.2026



Innhald

1. Innleiing	3	5. Innsatsområde 1	12
2. Mål	4	6. Innsatsområde 2	13
3. Styreseminar og PSV	6	5. Innsatsområde 3	14
4. Innsats i 2026	8	7. Finansiering & budsjett 2025	15

Innleiing

Omstillingsprogrammet i Sykkylven skal styrkje næringsutviklinga i kommunen gjennom å sikre eksisterande, og skape nye, arbeidsplassar. Programmet er ei ekstraordinær satsing over seks år, og 2026 er det siste året i perioden.

Rammer og utgangspunkt for 2026

Kommuneøkonomien er stram, og omstillingsprogrammet fekk redusert ramme i 2025. Hausten 2025 justerte vi budsjettet ned med om lag 1 million kroner. Vi går inn i 2026 utan mindreforbruk – vi startar med blanke ark. Totalramma i 2026 er om lag 3,6 millionar kroner, mot 5,6 millionar i 2025.

Handlingsplanen – slik jobbar vi

Handlingsplanen er ei årleg konkretisering av omstillingsplanen, med strategiar og tiltak. Planen blir utarbeidd av omstillingsstyret og vedteken av kommunestyret. Alle tiltak og prosjekt skal godkjennast av omstillingsstyret før oppstart. Omstillingsleiinga har ansvar for å gjennomføre det handlingsplanen prioriterer.

Omstillingsplanen for Sykkylven har tre innsatsområde:

1. Skaparglede i heile næringslivet
2. Samarbeid og nettverk
3. Attraktivitet og rekruttering

Omstillingsplanen hadde fire innsatsområde i perioden 2021–2024. Frå 2025 er innsatsområde 1 og 2 slått saman, opplevingsnæringane og næringslivet elles blir tettare kopla saman i «Skaparglede i heile næringslivet». Rekruttering blir sett i samanheng med attraktivitet og ligg no i innsatsområde 3.

Framdrift og framtidstru

Trass i strammare rammer går vi inn i 2026 med klar retning: Vi skal prioritere dei tiltaka som best styrkjer næringslivet, byggjer samarbeid og gjer Sykkylven endå meir attraktiv for kompetanse og etablering. Med tydelege prioriteringar og målretta bruk av midlane skal siste programår gi mest mogleg verdi – og leggje eit godt grunnlag for tida etter omstillingsprogrammet. Vi skal vere vertskap for årets programleiarsamling, for alle omstillingsprogram i landet, dette skjer i september og det ser vi verkeleg fram til!

Mål

Hovudmålet for omstillingsprogrammet er å bidra til å skape ein meir robust og variert næringsstruktur, gjennom å styrke utviklingsevna til næringslivet og kommunen, og legge til rette for nyetableringar innan fleire bransjar. Ein indikasjon på utviklingsevna kan vere talet på utviklingsprosjekt i bedriftene.

Omstillingsarbeidet skal og bidra til å styrke Sykkylven sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune. Det er sett eit måltal på til saman 170 nye og sikra arbeidsplassar i omstillingsperioden 2021-26.

Berekraft skal vere styrande i tiltak som blir iverksett og i vurdering av prosjekt som søker midlar i frå omstillingsprogrammet. Alle søknadar skal ha eit målbart mål innanfor berekraft, med fokus på miljø, menneske eller styring.



Periodiserte mål

Det er sett eit måltal på til saman 170 nye og sikra arbeidsplassar i omstillingsperioden 2021-26. Tabellen nedanfor viser periodiserte mål for innsatsområda i omstillingsplanen.

Arbeidsplassar	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Sum
Skaparglede i næringslivet	10	15	25	27	25	30	130
Opplivingsnæringar	5	5	5	5	5	5	30
Samarbeid og nettverk	0	2	2	0	2	2	10
Attraktive Sykkylven	0	0	0	0	0	0	0
Sum mål arbeidsplassar	15	22	32	32	32	37	170
Resultat	11	22,8	23,5	14	17		88,3
Avvik	-4	+0,8	-8,5	-18	-18		-81,7

Input og signal frå styreseminar

2026 er siste året i omstillingsprogrammet. Styret ønskjer at vi held oppe trykket, bruker midlane klokt og avsluttar 31.12.2026 med ein tydeleg leveranse: **varige spor i næringslivet, i samhandlinga – og i måten kommunen jobbar på.**

Topp 3 prioriteringar

1. Auka pott til større, målretta prosjekt og tettare oppfølging

Vi flyttar ressursar til ei større ramme for søkbare midlar og prioriterer prosjekt med tydeleg vekst- og verdiskapingspotensial. Midlane blir retta mot færre, større prosjekt – med klare kriterium, forventningar til samarbeid og krav til plan og framdrift. Vi kan i større grad invitere inn/identifisere aktuelle prosjekt framfor brei utlysing.

2. Fyrtårn for innovasjon, teknologi og ungdom – «Teknohub Sykkylven»

Vi inviterer til ei samla fyrtårnsatsing i samarbeid mellom SINL, SNU og Næringsfabrikken. Målet er å bygge ei sterkare rigg for innovasjon, kompetanse og omstilling i næringslivet – og styrkje profilering/branding av Sykkylven som attraktiv næringslivskommune. Ungdomssatsinga blir integrert i fyrtårnet, mellom anna gjennom **TF Ung** og kopling mot eksisterande initiativ. Aktørane blir utfordra til å ta eigarskap, gjennomføre aktivitet og utvikle riggen vidare.

3. Tettstad/Sentrumsutvikling som motor for attraktivitet og rekruttering

Vi prioriterer sentrumsutvikling som eit viktig grep for å styrkje attraktivitet, møteplassar og rekruttering. Dette blir sett i samanheng med arbeidet for å bygge identitet og stoltheit – og for å gjere det enklare å bu og bli i kommunen.

Omprioritering av innsats

SMB-utviklingsprogrammet blir avslutta/avvikla i noverande form, og midlane blir flytta til prioriteringane over.

Vi **sikrar god overgang og vidareføring** for dei viktigaste igangsette prosjekta, slik at effekt og resultat blir tekne ut også etter 2026.

Rekruttering og profilering – meir samla kraft

Vi samlar rekrutteringsinnsatsen tydelegare og koplar den mot eksisterande initiativ for unge (t.d. **Snakkast, UE-tiltak** og arrangement/arenaer). I tillegg vurderer vi samarbeid med nabokommunar om felles profilering og rekruttering, mellom anna gjennom «**Bli med hit**», for å nå breiare og meir treffsikkert

Anbefalingar for 2026, frå programstatusvurdering haust 2025:

Innsatsområde/prosjekt/portefølje

- Vurdere fokus på større prosjekt med større effekt i 2026.
- Lokke ut dei større bedriftene for å ta del i prosjekt, tidlegfase midlar. Få større prosjekter. Større bedrifter - delta meir aktivt i nettverk.
- Kartlegging av dei bedriftene som vi trur har eit vekstpotensial – kva er viktig for desse, koplingsaktør, bidra for å løfte prosjekter.
- Spissing i SMB utviklingsprogram – treffe større eller meir målretta på nokre satsingar i bedriftene
- Sirkulære HUB prosjekt, sjå moglegheiter saman – kalibrere korleis ein kan jobbe med dette. Kva verdikjeder er lokalt og kva går ut av kommunen?
- Styrke fokus på prosjekt/aktivitetar på dei bedriftene som ikkje har vært inne i programmet.
- Sikre oppfølging og rapportering av prosjekter som har fått støtte.

Kommunikasjon

- Styrke arbeidet med kommunikasjon på kva ein har bidratt med og kva ein kan bidra med. Viktig å definere kva man vil kommunisere og til kven.
- Løfte fram dei gode historiene/gode case, bredda i det som gjerast og kva man bidrar med
- Vurdere å lage en oppsummering på alt ein har bidratt til gjennom programmet så langt, skå det opp mot måla for programmet.
- Vurdere ekstern støtte fra profesjonelle ressursar for å bidra i kommunikasjonsarbeidet. Vurdere innhald i kommunikasjonsplanen siste året.

Styret/styrearbeid

- Stoppe opp på styremøta og zoome ut litt. Løfte blikket på programmet og behov. Vurdere å ha fast på agendaen pr kvartal – «er vi på rett veg?»
- Styremedlemmene har individuelt ansvar for å aktivt spele inn saka som ein ønska å drøfte på styremøta
- Vurdere å løfte krav til det forretningsmessige/økonomiske på søknadar som kjem inn, vurdere om enkelte av styremedlemmane kan bidra i saksvurderingane i forkant (utval frå styret). Sikre at ein brukar kompetanse som sit i styret på de ulike sakane der det kan være relevant.
- Vurdere kriteria for søkbare midlar for å styre inn mot mål i handlingsplanen

Avslutningsfase/vidareføring

- Styret bidra aktivt på workshop saman med styra i SNU og SNIL på gjennomgang av rapport forstudie vidareføring.
- Sette av nok tid til å drøfte overgangsfasen, avklare kva prosessar ein må gjennom inn mot avslutning. Styret må ta stilling til kor lang tid inn i 2026 ein skal satse aktivt. Kommunen signaliserer at det vil være kommunale ressursar til å avslutte prosjekter i 2027.
- Må ha tid til å sikre vidareføring av arbeidet etter omstillingsperioden.

Samhandling/dialog

- Styrke dialog mellom kommunen/tettstadprosjektet og handelsforeining – møteplass mellom handel og kommunen. Vurdere tiltak og samkøying av ressursar.
- Styrke dialog mellom kommune/omstilling og Sykkylven Næringsutvikling.


Dette skal vi gjer i 2026

I 2026 går vi inn i siste året av omstillingsprogrammet. **Målet er å halde oppe trykket, bruke ressursane klokt og avslutte programmet på ein måte som gir tydelege resultat og varige spor i Sykkylven.**

Med strammare rammer blir det ekstra viktig å velje rett. Vi prioriterer **færre og meir målretta prosjekt**, og følgjer dei tettare. Vi koplar på bedrifter med vekstpotensial og bruker verkemiddelapparatet smart – ikkje berre med midlar, men med rettleiing, nettverk og rett folk rundt bordet.

Vi gir meir kraft til det som allereie verkar, framfor å starte mykje nytt seint i perioden. I 2026 vil vi difor prioritere oppfølging av prosjekt som er i løp, framfor å starte mykje nytt seint i perioden. Samtidig set vi fristar for søknader og skjerpar kriteria, slik at vi får betre styring, meir effekt og ei ryddig avslutning. Vi vil også skjerpe forventningane til forretningsmessig vurdering i søknader, og bruke styret sin kompetanse meir aktivt der det er relevant.

Styret skal i 2026 løfte blikket jamleg og sikre at vi held kursen mot det vi ønsker å stå att med etter 31.12.2026. Vi vil på faste møtepunkt gjennom året spørje: Er vi på rett veg – og kva må justerast no? På denne måten kan vi prioritere hardare, ta grep tidleg og sikre at vi får mest mogleg effekt av midlane i siste programår.





Vi vil også styrke kommunikasjonen vår. I avslutningsåret er det viktig å synleggjere kva omstillingsprogrammet har bidrege til, og kva som har endra seg undervegs – både i næringslivet og i kommunen. Vi skal løfte fram gode historier og konkrete case som viser utvikling, samarbeid og innovasjon. Samstundes vil vi utarbeide ei samla oppsummering av prosjekt og resultat gjennom heile programperioden, slik at vi kan gi eit truverdig bilete av kva vi har fått til. Sjølv om arbeidsplassar kan vere utfordrande å måle presist, kan vi vise effekt gjennom prosjektaktivitet, ny kompetanse, betre samhandling og døme på raskare og meir offensiv kommunal praksis.

I 2026 skal vi også førebu vidareføring etter programslutt. Vi vil setje av tid til å avklare overgangsfasen, kva som må avsluttast innan fristen, og kva som eventuelt kan ferdigstillast med kommunale ressursar i 2027. Styret vil bidra aktivt i drøftingar og workshop saman med relevante aktørar, mellom anna SNU og SNIL, for å avklare kva som bør leve vidare, kven som kan ta eigarskap, og korleis vi best kan rigge det.

Til slutt vil vi styrke dialogen og samarbeidsspor som er viktige for kommunen som heilskap. Det gjeld mellom anna samhandling mellom kommune, tettstadprosjekt og sentrumsaktørar, og samarbeid mellom kommunen og Sykkylven Næringsutvikling, Sykkylven Industri- og Næringslag og andre aktørar som er med og representera bredda i næringslivet. Når vi lukkast her, handlar det om meir enn enkeltprosjekt: det handlar om tillit, korte avstandar, betre koordinering og ei felles retning for utviklinga i Sykkylven.

Innsatsområde 2026

TEMA 2026: Varige spor - Vårt siste programår prioriterer vi færre og meir spissa satsingar, tettare oppfølging av igangsette prosjekt og ei tydeleg avslutning – slik at vi sikrar at det som verkar kan leve vidare etter programperioden.


Topp 3 tiltak:

Oppfølging og realisering av større bedriftsprosjekt med vekstpotensial:

Gi meir kraft til dei prosjekta som kan skape størst effekt, og følge dei tett med rettleiing og kopling til verkemiddelapparatet.

Fyrtårn - Teknohub Sykkylven (Næringsfabrikken): Innovasjon, profilering og ungdom. Samle krefter i ei fyrtårnsatsing som bygger rigg for innovasjon og kompetanse, styrker omdømet, og inkluderer ungdoms- og rekrutteringsløp (t.d. TF Ung og kopling mot andre eksisterande tiltak).

Tettstad/sentrumsutvikling som drivkraft for attraktivitet og rekruttering: Prioritere sentrumsutvikling som synleg og samlande satsing for trivsel, møteplassar og attraktivitet – og som del av ei offensiv forteljing om kommunen. Forsterke innsatsen i Tettstadprosjektet.



Teknohub Sykkylven

Omstillingsstyret ønsker å invitere **Sykkylven Næringsutvikling**, **Sykkylven Industri- og Næringslag** og **Næringsfabrikken** til å rigge **Teknohub Sykkylven** (arbeidstittel) som ei felles, samordna satsing i siste programår.

Liknande modellar andre stader i landet viser at når næringslivsaktørar samlar krefter i éin tydeleg hub-rigg med møteplass, kompetanse, nettverk og kopling mot verkemiddel og kapital, kan det gi raskare innovasjonstakt, fleire utviklingsprosjekt og sterkare rekruttering. Teknohub er eit arbeidsnamn, prosjektet bør også jobbe med eit egna namn for ei vidare satsing.

Teknologiparkar og innovasjonsmiljø som Forskningsparken i Oslo sin StartupLab peikar sjølve på verdien av kunnskapsdeling, nettverk, inkubatorar og felles arenaer som gjer det lettare å samarbeide og få idear over i konkrete prosjekt. I Sykkylven kan Teknohub bli ein praktisk “motor” som koplar etablerte bedrifter, nye initiativ, kompetansmiljø og virkemidlar tettare saman – og som byggjer ein varig rigg for vidare vekst også etter 2026.



Næringsfabrikken er ei etablert lokal satsing med lokale eigarar, der ein tidlegare møbelfabrikk er utvikla til cowork og arena for næringsliv og lokalsamfunn. Med kurs- og konferansefasilitetar, Næringspub kvar månad, og sterk vekst i talet på bedrifter dei siste 2–3 åra, peikar Næringsfabrikken seg ut som ein naturleg lokasjon og samlingspunkt for Teknohub-samarbeidet.

Sykkylven Industri- og Næringslag har, i samarbeid med **Sykkylven Næringsutvikling**, fleire initiativ på gong innan rekruttering og utvikling – mellom anna Teknologifestivalen UNG, forstudie for etablering av studiesenter i Sykkylven og samarbeid med teknologimiljøet KORT på Osterøy. Dette er tiltak som kan forsterkast gjennom Teknohub-samarbeidet, og koplast tettare til næringslivet sine behov og aktivitetane i Næringsfabrikken.

#1 Skaparglede i heile næringslivet

HP 2026 Innsatsområde 1. Skaparglede i heile næringslivet (Arbeidsplassmål: 37)					
Strategiar	Tiltak	Delmål	Budsjett	Admin.*	Admin. SK**
A. Teknologi og marknad	<p>Proaktivt arbeid for å avdekke og identifisere utviklingsprosjekt i heile næringslivet.</p> <p>Bidra til å utvikle Sykkylven som sirkulær industrihub, utpeika som ein av åtte sirkulære industrihubar i M&R av fylkeskommunen og Innovasjon Norge.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje søkbare midlar – heng i saman med B. Bedriftsretta tiltak og fokus på oppfølging av bedrifter • Følgje opp TEKSTUR-prosjektet • 1 nytt prosjekt innan det sirkulære kopla til FoU/FoI 		100.000	
B. Bedriftsretta tiltak	<p>Fokus på oppfølging av bedrifter med igangsette prosjekt for å sikre overgang frå forprosjekt til hovudprosjekt. For å sikre overgang frå forstudie til forprosjekt øyremerka vi midlar til dette og invitera igangsette prosjekt til å søke midla til neste fase ila 2026.</p> <p>Støtte utviklingsprosjekt (forstudiar og forprosjekt) som legg grunnlag for større, målretta hovudprosjekt med vekst- og verdiskapingspotensial.</p> <p>Støtte SNU i prioriterte prosjekt i deira regi.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging av større prosjekt med vekstpotensiale 440.000kr – lyse ut øyremerka til igangsette prosjekt • Midlar til utlysing 380.000kr – lyse ut med tydelege kriteria • Prosjektsøknad øyremerka SNU 280.000kr 	1.100.000	250.000	
C. Kompetanse og FoU	<p>Nytte SNU med si rolle og kopling som node til Nordveggen som igjen er ein del av SIVA sitt Næringshageprogram</p> <p>Nytte samarbeidspartnarane Innovasjon Norge, Destinasjon Ålesund og Sunnmøre, Nordveggen, Framtidslaben, åkp og NTNU aktivt i kompetanseheving</p> <p>Pådrivar for, samt bidra til, å kople bedrifter og FoU-miljø</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje prioritert å skape nye prosjekt/kurs, ikkje søkbare midlar 		100.000	
Sum			1.100.000	450.000	250.000

#2 Samarbeid og nettverk

HP 2026 Innsatsområde 2. Samarbeid og nettverk				
Strategiar	Tiltak	Delmål	Budsjett	Admin*
D. Industri- og næring	<p>Bidra til forsterking/vidareutvikling av eksisterande nettverk</p> <p>Bruke nettverka aktivt til å løfte berekraftig løysingar og omstillingsbehov</p>	<ul style="list-style-type: none"> Vidareutvikle og fasilitere samarbeidsforum for skule og næring «Skulenær» 4 møter per år Vidareutvikle nettverket «Snakkast» i samarbeid med prosjektgruppa 	50.000	
E. Opplevingsnæringar	<p>Støtte oppfølging av masterplan Sykkylven for opplevingsnæringane</p> <p>Bidra til vidareutvikling av nettverk for aktørane i opplevingsnæringane</p> <p>Bidra til utvikling av samarbeidsarena/nettverk for aktørar i landbruk og lokalmat</p> <p>Bidra til å skape arena for samarbeid i skjeringpunktet mellom aktørane i reiseliv, opplevingar, lokalmat, design og kultur</p>	<ul style="list-style-type: none"> Ikkje prioritert å skape nye prosjekt, ikkje søkbare midlar Viser til Innsatsområde 3, strategi I. Sentrumsutvikling, Masterplan Sykkylven peikar på Aure sentrum som innfalsporten til Sunnmørsalpane, og sentrumsutvikling vil vere av interesse for og kan koplast til opplevingsnæringane 		
F. Møteplassar	<p>Bidra til møteplass på tvers av nettverk gjennom frukostmøte og seminar med dagsaktuelle tema</p> <p>Proaktivt arbeid for å avdekke og identifisere moglegheiter knytt til møteplassar for bedrifter, gründerar og ungdom</p>	<ul style="list-style-type: none"> Bidra med sparring på tema til frukostmøte og andre seminar som SNU og næringslivet vil gjennomføre Ikkje prioritert å skape nye prosjekt, ikkje søkbare midlar 		
Sum			50.000	150.000

#3 Attraktivitet og rekruttering

HP 2026 Innsatsområde 3. Attraktivitet og rekruttering

Strategiar	Tiltak	Delmål	Budsjett	Admin.*	Admin. SK**
G. Næringsattraktivitet	Bidra til at Sykkylven skal være ei Næringsvennleg kommune	<ul style="list-style-type: none"> Gjennomføre forprosjekt «vidareføring omstillingsprogram» som forarbeid til ny strategisk næringsplan (mogleg noko støtte frå IN) Gjennomføring av årleg tilfredsheitsundersøking blant bedriftene på kommunens næringsarbeid Delta i Næringsteam 		250.000	
H. Møteplassar og kommunikasjon	Vidareføre etablerte møteplassar mellom kommune og næringsliv og vere ein pådrivar for nye	<ul style="list-style-type: none"> Ikkje prioritert å skape nye prosjekt, ikkje søkbare midlar 			
I. Sentrumsutvikling	<p>Bidra til eit attraktivt sentrum for blilyst, bulyst og næringsliv</p> <p>Forsterke innsats og prosjekt i siste år av Tettstadprosjektet</p> <p>Samskaping om utvikling med tettstadprosjektet i kommunen</p>	<ul style="list-style-type: none"> Støtte minimum 2 sentrumsprosjekt 	200.000	100.000	
J. Rekruttering	<p>Støtte og vidareutvikle rekrutteringstiltak som sikrar bedriftene og kommunen tilgang på kompetanse</p> <p>Jobbe med «rekruttering heile året», bidra til å samle og koordinere rekrutterings- og attraktivitetstiltak i Sykkylven</p>	<ul style="list-style-type: none"> Vidareføre og utvikle «ILAG 2026» 150.000kr «Bli med hit» i Oslo vår, Trondheim haust Støtte og bidra i arbeid med Ungt Entreprenørskap Fyrtårnprosjekt Teknohub Sykkylven 200.000kr Bidra med timar/sparring i Studiesenter-prosjektet 	150.000 200.000	100.000	
Sum			550.000	450.000	400.000

Finansiering og budsjett 2026

Budsjett 2026

Innsatsområde	Program-aktivitet	Søkbare midlar*	Admin.**	Admin.SK***	Totalramme
Skaparglede i heile næringslivet	0	1.100.000	450.000	250.000	1.800.000
Samarbeid og nettverk	50.000	0	150.000	0	200.000
Attraktivitet og rekruttering	150.000	400.000	450.000	400.000	1.400.000
Overheadkostnader	0	0	250.000	0	250.000
Totalt	200.000	1.500.000	1.300.000	650.000	3.650.000

*Søkbare midlar er midlar øymerka søknadar i frå bedrifter til utviklingsprosjekt. Det vil vere tilgjengelege midlar å søkje på i frå andre strategiområde også, men der er gjerne midla retta mot både aktivitetar som omstillingsprogrammet initiera og prosjekt i frå bedrifter.

** Administrasjon innfattar proaktivt arbeid og prosjektoppfølgning av programleiar, her løn til programleiar, møtekostnader og møtegodtgjersle knytt til møter, kurs, styrearbeid, samt husleige.

***Administrasjon Sykkylven kommune innfattar timar brukt til prosjekt i omstillingsprogrammet frå styreleiar, kommunedirektør og andre administrativt tilsette i kommunen som blir engasjert i slikt arbeid.

Omfordeling av midlar i mellom innsatsområda kan gjerast ved behov, godkjennast av omstillingsstyret.

Finansiering 2026

Finansiering	2026
Møre og Romsdal fylkeskommune	1.700 000
Sykkylven kommune	1.950 000
Total	3.650.000

Prosjekteigaranes eigenfinansiering samt eventuell annan finansiering i prosjekta kjem i tillegg. Det er eit uttalt mål at omstillingsmidlane skal bidra til å utløyse andre midlar.